



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 22.06.2016

Sak nr.: 15/8600-32

Internt l.nr.: 21986/16

Sak: 66/16

Tittel: Avgrensa rullering av Fylkesdelplan arealbruk - høyring av retningsliner for lokalisering av handel og kjøpesentra

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Med heimel i Plan- og bygningslova § 8-3 og i samsvar med forskrift om rikspolitiske retningsliner for kjøpesentra (FOR-2008-06-27-742), vert «Retningsliner for lokalisering av handel og kjøpesentra» lagt ut på offentleg høyring fram til 14. september 2016.
2. Høyringsutkastet til retningsliner skal i heilskap erstatte kapittel 3.2.4 i gjeldande sjekklister for fylkesdelplan for arealbruk, vedtatt 18. oktober 2000.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet gjorde framlegg om at retningslinjer, jf. vedlegg 3, «Framlegg til nye Retningsliner for lokalisering av handel og kjøpesentra som grunnlag for konsekvensutgreiing», skal nyttast i konsekvensutgreiinga.

Avrøysting:

Sigurd Reksnes og Aleksander Øren Heen røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen. Jenny Følling, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas, Trude Brosvik, Gunhild Berge Stang og Bjørn Erik Hollevik røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 8-3 vert «Retningsliner for lokalisering av handel og kjøpesentra», slik dei er utforma i vedlegg 3 til saksframlegget, lagt ut på offentleg høyring fram til 14. september 2016.
2. Høyringsutkastet til retningsliner skal i heilskap erstatte kapittel 3.2.4 i gjeldande sjekklister for fylkesdelplan for arealbruk, vedtatt 18. oktober 2000.